



DET KONGELEGE
HELSEDEPARTEMENT

St.prp. nr. 74

(2002–2003)

Om endringar i statsbudsjettet for 2003 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar mv.

*Tilråding frå Helsedepartementet av 6. juni 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

Helsedepartementet gjer med dette framlegg om endring av løyvingane for 2003 under kap. 2711 post 70 Refusjon spesialisthjelp og post 71 Refusjon psykologhjelp, under kap. 2755 post 62 Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar, post 70 Refusjon allmennlegehjelp og post 71 Refusjon fysioterapi og under kap. 732 Regionale helseføretak, postane 71–75. Auken på i alt 42,5 mill. kroner har samanheng med reviderte avtalar med Den norske lægeförening, Norsk Fysioterapeutforbund og Norsk Psykologforening om takstar, basistilskot og driftstilskot. Det er sett av reserver til dekking av meirutgiftene ved oppgjeret under kap. 2309 Tilfeldige utgifter (Ymseposten). Denne løyvinga vil det seinare bli gjort framlegg om å setje ned.

Det blir òg gjort framlegg om ei tilleggsloyving under kap. 2790 post 72 Sjukebehandling i utlandet på 65 mill. kroner som følgje av at fleire pasientar enn rekna med vil få behandling i utlandet under Prosjekt – kjøp av helsetenester i utlandet. Til inndekking av meirutgiftene tilrår departementet at løyvingane under kap. 701 Forskings- og forsøksverksemd, post 21, kap. 743 Statlege stimulerings tiltak for psykisk helse, postane 73 og 75, kap. 2600 Trygdeataten, post 01 og kap. 2661 Grunn- og hjelpetønad, hjelpemiddel mv., post 75, blir sette ned med i alt 65 mill. kroner.

1 Bakgrunn

Avtaletidspunktet for dei einskilde avtalane om basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar er 1. juli.

Ved oppgjeret per 1. juli 2002 blei det gjeve tillegg med ei økonomisk ramme svarande til 6,4 prosent for legane, 6,2 prosent for fysioterapeutane og 5,5 prosent for psykologane. Reguleringane fekk verknad frå same dato.

Dei respektive organisasjonane og staten, Kommunenes Sentralforbund og dei regionale helseføretaka har no ført forhandlingar om avtalar for tidsrommet 1. juli 2003 – 30. juni 2004. Avtaleframlegga har noko ulik utforming. For legane inneber avtalen ein samla auke i takstar, fondsavsetningar og basistilskot/driftstilskot med 1,0 prosent, for fysioterapeutane ein auke med 1,2 prosent og for psykologane ein auke med 2,0 prosent. Rammejusteringane er rekna per 1. juli 2003. Skilnaden i rammeauke for dei einskilde gruppene har samanheng med ulike overheng i takstar og driftstilskot inn i 2003, ulik utvikling i kostnader og ulike inntektsnivå.

Ved handsaminga av budsjettet for 2003 fatta Stortinget vedtak om at eigendelane for legehjelp, fysioterapi og psykologhjelp skal auke med 4,0 pro-

sent frå 1. juli 2003. I tillegg blei det vedteke ei ekstra auke i eigendelane for laboratorieprøver på 12,5 mill. kroner for 2003 (halvårsverknad). Det er teke omsyn til dette i løyvingane til refusjonar for 2003.

I St.prp. nr. 65 (2002–2003) har regjeringa gjort framlegg om at eigendelane skal aukast med 10 prosent i staden for 4 prosent frå 1. juli 2003. For røntgenundersøkingar er det gjort framlegg om 20 prosent auke i eigendelen. Som følgje av dette er det gjort framlegg om nedsetjing av refusjonsløyvingane i proposisjonen.

Auken i honorartakstane som følgje av dei nye avtalane får difor full verknad i refusjonsutgiftene.

Da ordninga med driftstilskot for legar, fysioterapeutar og psykologar blei innført i 1984, var føresetnaden at driftstilskotet skulle utgjere om lag 40 prosent av gjennomsnittleg omsetnad for dei ulike gruppene. For legespesialistar og psykologar utgjer driftstilskotet no 20 til 25 prosent. For å auke desse prosentdelane noko, er det avtala ei omfordeling frå takstar til driftstilskot for desse to gruppene. Som følgje av dette blir det gjort framlegg om å auke overføringane til dei regionale helseforetaka med 48 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon i refusjonsløyvingane. Medrekna påslaga som følgje av takstoppgjera blir refusjonsløyvingane difor samla sette ned med 5,5 mill. kroner.

2 Avtale om basistilskot, driftstilskot og takstar for legar

I forhandlingsmøte 3. juni 2003 blei Den norske lægeförening, staten, Kommunenes Sentralforbund og dei regionale helseforetaka samde om eit tilrådd framlegg til revidert avtale om basistilskot for allmennlegar, driftstilskot for legespesialistar og takstar for tidsrommet 1. juli 2003 – 30. juni 2004.

Det tilrådde framlegget inneber at gjeldande basistilskot, driftstilskot, takstar og fondsavsetningar samla blir auka med 1,0 prosent frå 1. juli 2003. Innanfor denne ramma er det avtala at driftstilskota blir auka med 25 prosent, eller om lag 90 mill. kroner på årsbasis. Partane vil snarast komme saman for å dele ramma på dei einsskilte takstane, driftstilskota og fonda.

Mindreutgiftene for folketrygda til refusjonar og fondsavsetningar i 2003 er rekna til 15,0 mill. kroner, delt med ei mindreutgift på 35,0 mill. kroner på kap 2711 post 70 Refusjon spesialisthjelp og ei meirutgift på 20,0 mill. kroner på kap 2755 post 70 Refusjon allmennlegehjelp. Til inndekking av meirutgiftene for dei regionale helseforetaka som følgje av den ekstraordinære auken i driftstilskota,

tilrår departementet at kap. 732 Regionale helseforetak postane 71–75 blir auka med 43 mill. kroner i alt.

3 Avtale om driftstilskot og takstar for fysioterapeutar

I forhandlingsmøte 3. juni 2003 blei Norsk Fysioterapeutforbund, Kommunenes Sentralforbund og staten samde om eit tilrådd framlegg til revidert avtale om driftstilskot og takstar for fysioterapeutar. Avtalen skal gjelde for tidsrommet 1. juli 2003 – 30. juni 2004.

Avtalen føreset ei regulering av takstar og driftstilskot med 1,2 prosent per 1. juli 2003. Takstar og driftstilskot aukar med same presentsats. Folketrygda skal som tidlegare setje av 1,5 pst. av utbetalte refusjonar til fond for etter- og vidareutdanning.

Departementet tilrår at løyvinga for 2003 under kap. 2755 post 71 Refusjon fysioterapi blir auka med 8,0 mill. kroner.

Fastlønnstilskotet til kommunar med fysioterapeutstillingar var 131 000 kroner i 2002. Departementet tilrår at fastlønnstilskotet blir regulert til 134 300 kroner for 2003, og at kap. 2755 post 62 Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar blir auka med 3,0 mill. kroner. Det er teke omsyn til framlegget til auke i eigendelane frå 1. juli 2003 ved reguleringa av fastlønnstilskotet.

4 Avtale om driftstilskot og takstar for psykologar

I forhandlingsmøte 2. juni 2003 blei Norsk Psykologforening, staten og dei regionale helseforetaka samde om eit tilrådd framlegg til revidert avtale om driftstilskot og takstar for spesialistar i klinisk psykologi. Avtalen skal gjelde for tidsrommet 1. juli 2003 – 30. juni 2004.

Avtalen føreset ei samla regulering av takstar, driftstilskot og avsetning til fondet for vidare- og etterutdanning med 2,0 prosent per 1. juli 2003. Innanfor denne ramma er det avtala at driftstilskotet blir auka med 12 prosent, eller 12 mill. kroner på årsbasis. Departementet tilrår at kap 2711 post 71 Refusjon psykologhjelp blir sett ned med 1,5 mill. kroner. Til inndekking av meirutgiftene for dei regionale helseforetaka som følgje av den ekstraordinære auken i driftstilskota, tilrår departementet at kap. 732 Regionale helseforetak postane 71–75 blir auka med 5,0 mill. kroner i alt.

5 Behandling i utlandet

Kap. 2790 post 72 Sjukebehandling i utlandet inneheld to ordningar: Bidrag etter folketrygdlova § 5–22 til behandling i utlandet og Prosjekt – kjøp av helsetenester i utlandet. Bidragsutgiftene er i St.prp. nr. 1 (2002–2003) budsjetterte med 18 mill. kroner. Som følgje av Stortinget si handsaming blei det for begge ordningane til saman løyvd 98 mill. kroner, og Prosjekt – kjøp av helsetenester i utlandet blei dermed tildelt 80 mill. kroner. I tillegg blei det løyvd 5 mill. kroner til administrasjon av ordninga, jf. kap. 2600 Trygdeetaten.

Føremålet med løyvinga til Prosjekt – kjøp av helsetenester i utlandet var å føre vidare prosjektet, avgrensa til kompetanseprosjekt på områda alvorlege eteforstyrningar, prostatakrefte, kompliserte rygg/nakkkelidingar, cochlea-implantat, Parkinsons sjukdom og hjartelidingar. I tillegg er Rikstrygdeverket bede om å finansiere behandlingsreiser til utlandet for nye pasientgrupper og eit prosjekt med MR-buss i Finnmark.

I St.prp. nr. 65 (2002–2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003 blei det gjort framlegg om ei gjennløyving på 60 mill. kroner til Prosjekt – kjøp av helsetenester i utlandet. Dette svarer om lag til mindreforbruket i 2002 i høve til prosjektet si tildelte ramme dette året, og blei sett som naudsynt for å kunne betale utgifter til behandling av pasientar i siste halvdel av 2002. Det tar opp til fire månader frå pasienten får tilbod om behandling til utgiftene er ført i Rikstrygdeverket sin rekneskap.

Nye rekneskapstal frå Rikstrygdeverket viser at prosjektet har eit meirforbruk i 2003 ut over det som blei lagt til grunn i St.prp. nr. 65. Meirforbruket har i følgje Rikstrygdeverket mellom anna si årsak i at dei regionale helseføretaka har send fleire pasienter til behandling i utlandet gjennom prosjektet på slutten av fjoråret enn det Rikstrygdeverket la til grunn.

Prosjekt – kjøp av helsetenester i utlandet går no inn i ein overgangsfase i påvente av utviding av pasientrettane, jf. Ot.prp. nr. 63 (2002–2003) om endringar i lova om pasientrettar. I proposisjonen er det gjort framlegg om ein ny rett til individuell behandlingsfrist. Dersom ein pasient ikkje får helsehjelp frå den offentlege spesialisthelsetenesta innan den fastsette fristen, skal pasienten ha krav på helsehjelp privat eller i utlandet for det offentlege si rekning. Når det gjeld pasientar som har rettar og som ikkje kan få nødvendig helsehjelp fordi det er mangel på kompetanse i Noreg, tilrår departementet at dei skal ha rett til helsehjelp frå tenesteytar i utlandet. Ein vil nytte tida fram til årsskiftet til å førebu innføringa av utvida pasientrettar.

Helsedepartementet ser det som naudsynt at staten innfrir sine plikter overfor dei pasientane som allereie er tilbode behandling i utlandet gjennom prosjektet. Det trengst ei tilleggsløyving for å få til dette.

Meirutgiftene er rekna til 65 mill. kroner. Det er da teke omsyn til at det vanlegvis skjer eit visst fråfall av pasientar som har fått tilbod, at det blir sett krav til strengare økonomistyring, og at det ikkje kjem til nye pasientar i kompetanseprosjekta ut over dei som har fått tilbod om behandling per 15. juni 2003.

Departementet gjer framlegg om ei tilleggsløyving på 65 mill. kroner under kap. 2790 post 72, og at denne blir dekt inn ved tilsvarande nedsetjing av andre løyvingar.

Kap. 701 Forskings- og forsøksverksemd, post 21 Spesielle driftsutgifter

Det vil ta noko lengre tid enn rekna med å byggje opp den planlagte legemiddelberedskapen, og det blir tilrådd å setje ned løyvinga med 7 mill. kroner.

Kap. 743 Statlege stimuleringstiltak for psykisk helse, post 73 Tilskot til psykososialt arbeid for flyktingar, kan overførast

Av overførte midlar på posten er 2,5 mill. kroner ikkje disponerte i 2003. Summen blir tilrådd overført til delvis dekking av kostnader ved behandling av pasientar med eteforstyrningar i utlandet.

Kap. 743 Statlege stimuleringstiltak for psykisk helse, post 75 Tilskot til styrking av psykisk helsevern, kan overførast

På posten er det overført 2,5 mill. kroner frå 2002 som ikkje er disponerte i 2003. Summen blir tilrådd overført til delvis dekking av kostnader ved behandling av pasientar med eteforstyrningar i utlandet.

Kap. 2600 Trygdeetaten, post 01 Driftsutgifter

Fristen for å fremje krav om erstatning til nordsjødykkarar er 1. juli 2003, og Rikstrygdeverket har berre eit mindre tal saker til behandling. Løyvinga kan setjast ned med 5 mill. kroner. Vidare blir det gjort framlegg om å setje ned løyvinga med 28 mill. kroner gjennom diverse innstrammingar i trygdeetaten sin administrasjon.

Kap. 2661 Grunn- og hjelpetønad, hjelpemiddel mv., post 75 Betinging av funksjonsevna, hjelpemiddel

Det er ei nedgåande tendens i prisane på PC. Frå 2003 er det innført eit tak på 12 000 kroner for stø-

Om endringar i statsbudsjettet for 2003 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar mv.

nad til stasjonær PC og på 15 000 kroner til berbar PC. Det blir gjort framlegg om å redusere satsane til inntil 7 500 kroner for stasjonær PC og til inntil 9 000 kroner for berbar PC med verknad frå 1. september 2003. Løyvinga blir på denne bakgrunn tilrådd sett ned med 20 mill. kroner.

Helsedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2003 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar mv.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2003 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar mv. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2003 som følge av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar mv.

I

I statsbudsjettet for 2003 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
701		Forskings- og forsøksverksemd	
	21	Spesielle driftsutgifter blir sett ned med frå kr 83 042 000 til kr 76 042 000	7 000 000
732		Regionale helseforetak	
	71	Tilskot til Helse Øst RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 10 668 000 000 til kr 10 692 000 000	24 000 000
	72	Tilskot til helse Sør RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 6 439 000 000 til kr 6 447 500 000	8 500 000
	73	Tilskot til Helse Vest RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 5 078 900 000 til kr 5 087 900 000	9 000 000
	74	Tilskot til Helse Midt-Norge RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 3 730 800 000 til kr 3 734 800 000	4 000 000
	75	Tilskot til Helse Nord RHF, <i>kan overførast</i> blir auka med frå kr 3 460 300 000 til kr 3 462 800 000	2 500 000
743		Statlege stimuleringstiltak for psykisk helse	
	73	Tilskot til psykososialt arbeid for flyktningar, <i>kan overførast</i> blir sett ned med frå kr 22 550 000 til kr 20 050 000	2 500 000
	75	Tilskot til styrking av psykisk helsevern, <i>kan overførast</i> blir sett ned med frå kr 1 165 350 000 til kr 1 162 850 000	2 500 000
2600		Trygdeetaten	
	01	Driftsutgifter blir sett ned med frå kr 4 783 400 000 til kr 4 750 400 000	33 000 000
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel mv.	
	75	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel blir sett ned med frå kr 2 527 000 000 til kr 2 507 000 000	20 000 000
2711		Diverse tiltak i spesialisthelsetenesta	
	70	Refusjon spesialisthjelp blir sett ned med frå kr 1 153 000 000 til kr 1 118 000 000	35 000 000
	71	Refusjon psykologhjelp blir sett ned med frå kr 200 000 000 til kr 198 500 000	1 500 000
2755		Helseteneste i kommunane:	
	62	Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar, <i>kan nyttast under post 71</i> blir auka med frå kr 202 000 000 til kr 205 000 000	3 000 000
	70	Refusjon allmennlegehjelp blir auka med frå kr 2 643 500 000 til kr 2 663 500 000	20 000 000
	71	Refusjon fysioterapi, <i>kan nyttast under post 62</i> blir auka med frå kr 1 140 000 000 til kr 1 148 000 000	8 000 000
2790		Andre helsetiltak	
	72	Sjubehandling i utlandet blir auka med frå kr 158 000 000 til kr 223 000 000	65 000 000